

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 16.10.2014

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- ETABLERING AV SELSKAPET REGION NORDHORDLAND HELSEHUS IKS (RNH). GODKJENNING AV SELSKAPSAVTALE
- BOTNEN CAMPING. SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE
- BOTNEN CAMPING. SØKNAD OM SKJENKELØYVE FRAM TIL 31.03.2016
- BUSETTING AV FLYKTNINGAR I GULEN KOMMUNE. PLAN FOR KOMMUNEN SITT ARBEID MED INNVANDRARAR
- GODKJENNING AV GBNR. 40/1 UNDALSVIK, ÅMDALSVIK HYTTEGRENDE. DETALJREGULERING
- KVALITETSPLAN FOR GULEN OPPVEKST 2014-2017
- KVALITETSMELDING FOR OPPVEKSTSEKTOREN 2014
- DRIFTSRAPPORT 2. TERTIAL 2014
- KOMMUNALE BUSTADAR FOR BRUKARAR MED SÆRLEGE BEHOV
- SENTER MOT INCEST OG SEKSUELLE OVERGREP (SMISO) I SOGN OG FJORDANE
- LOKALE KULTURMINNEPLANAR 2012-2015. GODKJENNING AV PLANPROGRAM
- ORGANISERING AV ARBEIDET MED PLAN- OG BYGGENEMNDER I PROSJEKTARBEID
- SLØVÅG DRIFT AS. SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE
- SLØVÅG DRIFT AS. SØKNAD OM SKJENKELØYVE FRAM TIL 31.03.2016

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 09.00.

NB! Møtet startar med diverse presentasjonar frå einingane med dertil diskusjonar. Ein tek sikte på å starte med ordinær sakshandsaming etter lunsj.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett:

www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til og heile møte er ope for publikum.

Frå ordføraren

Regjeringa, med eit fleirtal i stortinget har vedteke at det skal arbeidast med ei ny kommunereform. Det inneber at alle kommunane i landet vert pålagde å utgreie ei eventuell samanslåing med ein eller fleire nabokommunar.

Dette vert grunna i at kommunane må verte større for å møte dei utfordringane og dei nye tenestene som kjem i framtida.

Dette arbeidet skal startast opp no i haust, og tidsplanen er at våren 2015 skal regjeringa legge fram forslag til nye oppgåver for kommunane. Hausten 2015 og våren 2016 skal kommunane gjere vedtak om samanslåing og våren 2017 vil Regjeringa fremme proposisjonar om kommunestruktur og om nye oppgåver til kommunane, med etterfølgjande stortingsbehandling.

Som vi ser så er det mykje utgreiingsarbeid som må gjerast på kort tid, og vi må starte arbeidet no.

Formannskapet skal starte diskusjonen i møte den 2. oktober, og så kjem det opp i kommunestyre i desember.

Då må vi vite kven vi skal kontakte når det gjeld vidare utgreiing, eller om vi skal utgreie Gulen som eigen kommune også i framtida.

Det er viktige avgjersler for kommunen sine innbyggjarar som skal takast framover, og eg håpar at mange vil engasjere seg i dette arbeidet som startar no. Det som vert det viktigaste er å sikre gode tenester for folk i nærleiken av der ein bur.

Det vert meir informasjon og høyringar ute i bygdene etter kvart som arbeidet går framover, og folk må òg få sagt sitt i ein rådgivande folkerøysting dersom det vert forhandla fram avtale om samanslåing.

Eg håpar mange vil vere med å seie si meining framover gjennom heile prosessen.

Hallvard Oppedal

Gulatingsprisen 2014 og frist for innspel

Den aller første Gulatingprisen vart delt ut 11.12.2008.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er i følgje statuttane å:

"Gje honnør til lag, verksemdar, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggja tilhøva til rette for andre".

Kven synest du fortener Gulatingsprisen? Grunngevrne forslag sender du til Gulen kommune, Eivindvikveien 1119, 5966 Eivindvik

Frist for innspel er tysdag 11.11.2014

Formannskapet vurderer føreslegne kandidatar og tildeler prisen.

19. oktober er det tv-aksjonen

Vatn endrar alt – Kirkens Nødhjelp

I år skal pengane frå TV-aksjonen gi ein million menneske varig tilgang til reint vatn. For berre 200 kroner kan du gi vatn til eitt menneske for resten av livet.

Tilgang til reint vatn handlar ikkje berre om å bli utørst, det betyr at menneske overlever og held seg friske. Tilgang til vatn sikrar avlingar og mat til befolkninga. Kvinner og born får høve til utdanning og arbeid når dei ikkje må bruke mange timar kvar dag på å gå etter reint vatn. Når turen etter vatn blir kort er dei òg mindre utsette for vald og seksuelle overgrep. For å styrke fleire av desse positive ringverknadane vil Kirkens Nødhjelp også sette opp latriner og gjere andre tiltak for å betre sanitære forhold og hygiene.

Midlane frå TV-aksjonen skal derfor gå til vassprosjekt i åtte land.



For meir informasjon om tv-aksjonen les her <http://www.blimed.no/>

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside

www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt



Det vert arbeidd med 11 arealplanar, blant anna følgjande:

Reguleringsplanar

Til godkjenning
2012004 Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1 Nyborg

Planforslag 1. gongs høyring

2014001 Gangstøklubben, rorbuer Eivindvik med frist 20.11.2014

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna – administrativ vurdering er påbyrja

Planarbeid er no i gang:

2005007 Krekebærtua

2008001 Taskebotn hytter

2009005 Dingeneset sør hyttegrend

2011001 Storevågsneset, Brandanger

2011004 Kvernevågen, Næring og hyttefelt

2013003 Gulen industrihamn, reguleringsendring

2014002 Brandanger gbnr. 75/1,3,5 spreidd bygg

Melding om planoppstart for

2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua Fv4

Anna plan-nytt

- Oppstart av muligheitsstudie for bygdeutvikling for Dalsøyra med omsyn til idrettspark
- Orienteringsmøte 01.10.2014 i samfunnshus med inviterte lag. Utarbeiding 20 prioriterte trafikktryggingstiltak
- Høyring vedk. regional plan for vassregion Hordaland, gjeld Yndesdal vassdrag, frist 31.12.2014

Opning av ny barnehage i Eivindvik

Det blir offisiell opning av den nye barnehage **22. oktober 2014.**

Program for opninga vert kunngjort på heimesida

Stenging av Undalstunnelen

Undaltunnelen, på strekninga Sløvåg - Rutledal er under strossing til full høgde. Arbeidet går føre seg på dag/kveldstid, med arbeid frå måndag morgon til og med torsdag kveld. Det vert fri ferdsel frå fredag til søndag.

Manuell dirigering på grunn av sprengingsarbeid i periodane: Måndag til torsdag frå kl. 10.50 til 01.00 (neste dag). Utrykkingskøyretøy kan passere.

Gjeld i perioden 11.08.2014 klokka 10.50 til 19.12.2014 klokka 01.00.

Tunnelen er stengt i desse tidsromma:

kl. 10.50 – 14.10, kl. 14.20 – 15.10,
kl. 15.15 – 16.05, kl. 17.30 – 18.30,
kl. 18.40 – 19.20, kl. 19.25 – 20.15,
kl. 20.30 – 22.30, kl. 22.40 – 01.00.

Demensplan 2020

Regjeringa har starta arbeidet med Demensplan 2020.



Personar med demens og deira pårørande vil verte invitert til å delta aktivt i arbeidet med planen.

”Vi skal bygge pasientens helse- og omsorgsteneste og flytte makt til pasienten. Derfor vil brukarar og pårørande ha en sentral rolle når regjeringa skal utarbeide ny demensplan. Min visjon er å skape et demensvennlig samfunn der vi tar vare på og integrerer personer med demens i fellesskapet”, seier helse- og omsorgsminister Bent Høie.

I arbeidet med planen skal det gjennomførast møter med personar med demens og deira pårørande. I tillegg skal planen byggast på erfaringar og innspel frå frivillige, fagfolk, og ny, oppdatert kunnskap.

Nasjonalforeningen for Folkehelsen og Nasjonal kompetanseteneste (tidlegare Nasjonalt kompetansesenter) for Aldring og Helse er nokre av dei sentrale samarbeidspartane i arbeidet med planen.

”Demens angår oss alle, men det er fortsatt lite åpenhet og mye skam knyttet til demens. Dette kan føre til at mange forsøker å holde demenssykdommen skjult, og kommer for sent i

kontakt med helsetjenesten.

Jeg ser frem til å få gode innspill til hvordan regjeringen kan bidra til mer åpenhet, økt kunnskap og bedre tilrettede tjenester for personer med demens”, seier Høie.

”Vi skal bygge pasientens helse- og omsorgstjeneste og flytte makt til pasienten. Derfor vil brukere og pårørende ha en sentral rolle når regjeringen skal utarbeide ny demensplan. Min visjon er å skape et demensvennlig samfunn der vi tar vare på og integrerer personer med demens i fellesskapet”, seier helse- og omsorgsminister Bent Høie.

*Demensteamet i Gulen kommune
Tlf. 416 10 972 eller 957 02 551
frå måndag til fredag, kl.12.00- 16.00.*

Ny Bru ved Krossvoll

Gulen kommune skal i desse dagar lyse ut arbeidet med å lage ny bru ved Krossvoll som skal erstatte den gamle. I samband med dette, skal oppdraget lysast ut på anbod via statens database for offentlege innkjøp; Doffin (www.doffin.no). Gulen kommune vil med dette oppmode lokale aktørar som normalt ikkje overvakar anbod på Doffin og som kan tenkje seg å ta eit slikt oppdrag, om å levere inn anbod. Utlysingstekst vil bli gjort tilgjengeleg på Doffin 01.10. 2014. Dette til orientering.

Aktivitetskalendaren på heimesida

Gulen kommune oppmodar alle om å legge inn aktivitetar/arrangement på aktivitetskalendaren på kommunen sine heimesider.

Vedlikehald av lag og organisasjonar

Gulen kommune oppmodar alle lag og organisasjonar om å passe på at informasjonen som ligg ute om dei på nettsidene til kommunen, er oppdaterte med rett kontaktperson og informasjon, inkludert e-postadresse. Dette kan gjerast ved å sende ein e-post til postmottak@gulen.kommune.no

Nytt frå Gulen helsestasjon

- Kjersti Risa Marøy har slutta som helsesøster i Gulen. Vi takkar for godt samarbeid, og ynskjer lukke til i ny stilling på Radøy
- Linda M. Hantveit er tilsett i 40 % stilling som helsesøster, og er allereie godt i gang med jobben. Velkomen, Linda!
- Linda vil ha hovudansvar for helsestasjon 0-5 år i sone Eivindvik, Brekke og Dalsøyra
- Hennie har hovudansvar for skulehelsetenesta 6-16 år, i tillegg til helsestasjon 0-5 år i sone Byrknes, og reisevaksinering
- Andre oppgåver som tuberkulosearbeid, helsestasjon for ungdom, tverrfagleg samarbeid, foreldrerettleiing, oppfølging av flyktingar m.m. har vi felles ansvar for

Hennie K. Lefdal, leiande helsesyster
Tlf: 57 78 38 30 / 979 75 760

Linda M. Hantveit, helsesyster
Tlf: 57 78 38 08 / 414 64 116

Nytt frå NAV Gulen

Kva er bustønad?

Bustønad er ei behovsprøvd statleg støtteordning for deg som har låg inntekt og høge bukostnader.

Husbanken og kommunen samarbeider om ordninga med bustønad. Husbanken fattar vedtak, men kommunen behandlar søknadene og har all kontakt med deg som søker.

Kven kan få bustønad?

På nettsidene til Husbanken kan du sjå kven som kan få bustønad, krav som gjeld for bustaden og kva grenser for inntekt som gjeld.

Korleis søker ein bustønad?

Frå **01.10.2014** kan du søkje bustønad elektronisk. Du finn søknadsskjema her: <http://www.husbanken.no/bostotte/slik-soker-du/>

Søknadsfristen for bustønad er **den 14. kvar månad**. Utbetalinga kjem omkring den 10. i månaden etter.

Husstandar med fleire enn ein søker må framleis søkje på papir. Papirsøknader skal du sende til **NAV Gulen, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik**.

Du må melde frå om endringar

Dersom du får samtykke om bustønad, treng du ikkje søkje kvar månad.

Men du må melde frå skriftleg til kommunen:

- dersom det skjer vesentlege endringar inntekt og formue (då må du sende inn eige skjema)
- dersom du/de flyttar til ein ny bustad (då må du også søkje på nytt)
- dersom ein eller fleire personar flyttar inn eller ut av bustaden
- dersom bukostnaden endrar seg
- dersom ein i huslyden blir student

Dersom du må melde frå om endringar gå inn på: <http://www.husbanken.no/bostotte/meld-fra-om-endringer/>

Klage på vedtak om bustønad

Dersom du meiner noko er feil i vedtaket, kan du klage innan 3 veker frå du fekk melding om vedtaket. I nokre høve må du fylle ut eit eige klageskjema. Klagen sendast til kommunen.

Ønskjer du å søkje bustønad for komande månader, må du sende inn ny søknad til kommunen.

Meir informasjon

Du finn meir informasjon om bustønad på Husbanken sine nettsider: www.husbanken.no under bustønad. Du kan også ta kontakt med kommunen for å få hjelp og rettleiing, ta kontakt med Siv Hamn, siv.hamn@nav.no eller Maike Norman Bøe, maike.norman.boe@nav.no, eller ringe 55 55 33 33, og seie at det gjeld kommunale tenester.

Økonomisk rådgjeving

Gulen kommune er gjennom lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 17 pålagt å gje økonomisk rådgjeving til sine innbyggjarar. Formålet med økonomisk rådgjeving er å gje råd, rettleiing og praktisk bistand til skuldnaren og skuldnaren sin husstand, slik at skuldnar får kontroll og styring over sin økonomi. Ein gjennomgang som avklarar skuldnaren sin moglegheit til å auke inntekter, redusere forbruket og utnytte reserver er kjernen i økonomisk rådgjeving.

Dersom du har eller står i fare for å få økonomiske problem, og treng råd og rettleiing for å komme vidare kan du ta kontakt med NAV Gulen ved:

Maike Norman Bøe

tlf. 55 55 33 33/ 406 42 410

Siv Hamn

tlf. 55 55 33 33/ 414 60 195